| | | |
|---|---|---|
| LINDÅS BYGNINGSRÅD<br>5100 ISDALSTØ | Møtestad<br>Teknisk kontor | Møte dato<br>3.8.76 |
| Sakshandsamar<br>Haukås | Matr.nr. gnr. 215 bnr. 2/6<br>Eidsnes ytre | SAK NR. 411/76 |
| Byggherre/meldar<br>Einar Eidsnes | Adr.<br>5160 Eikangervåg | |

Saka gjeld

Hytte - Nybygg

ARKIV

Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, datert 3.5.76
m/kvittering for motteke nabovarsel
situasjonsplan 1:5000
teikningar 1:50, 1:100
søknad om ansvarsrett, datert 3.5.76
disp. etter § 6 i strandplanlova
Vedtak i bygningsrådet den 30.7.72, sak 186/72
Vedtak i bygningsrådet den 5.6.73, sak 204/73
Vedtak i bygningsrådet den 10.6.75, sak 296/75

TILRÅDING:

I samsvar med vedtekt til § 82 og fråsegn frå generalplannemnda finn bygningsrådet under pkt. 1, siste setning i vedtekta, å gjera unntak.
Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med atterhald om helserådet si godkjenning, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 22.4.75, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon.
   Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn.
   Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigar av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sett av helseråd og bygningsråd for å betra på tilhøva

2. Det skal vera tilfredsstillande tilkomst til hygienisk bertyggjande og tilstrekkeleg drikkevatn. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova)

3. Utvida bruk av eksisterande avkjørsle til riksveg skal vera godkjend av Hordaland vegkontor. (§ 66.1)
   Søknad med kart og vedtak i bygningsrådet vert å senda Hordaland vegkontor.

4. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.

../..

| FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD | Utskrift sendt til |
|---|---|
| | Einar Eidsnes<br>Helserådet |

| LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ | Møtestad: Teknisk kontor | Møte dato: 3.8.76 |
|---|---|---|
| Sakshandsamar: Haukås | Matr.nr. gnr. 215 bnr. 2-6 Eidsnes ytre | SAK NR. 411/76 |
| Byggherre/meldar: Einar Eidsnes | Adr. 5160 Eikangervåg | |
| Saka gjeld: Hytte - Nybygg | | |
| Vedlegg: | | |

Forts.

Bygningsrådet godkjenner Einar Eidsnes som ansvarnshavande for heile byggjearbeidet. (§ 98)

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

| FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD | Utskrift sendt til |
|---|---|
| | Einar Eidsnes<br>Helserådet |